

• Matberedskap

Beredskapslager for fire måneders forbruk av **matkorn** vil koste 685 millionar kroner.

– Kornlagring må prioriteres

Norske Felleskjøp la på kornkonferansen i Oslo torsdag fram anslag over kostnader knytt til å reetablere beredskapslagring av korn.

Ifølgje administrerende direktør Lars Fredrik Stuve er det per i dag ikkje ledig kapasitet til beredskapslagring i gode kornår. Dermed må det byggast ny silokapasitet, noko som Felleskjøpet reknar med vil koste 2500 kroner per tonn lagringskapasitet om det blir bygd stålsiloar.

Under 700 millionar

Investeringskostnaden blir med det på 350 millionar kroner for silokapasitet nok til å lagre fire måneders forbruk av matkorn. I tillegg er det ein eingongskostnad på innkjøp av korn. Den reknar Stuve til 2300 kroner per tonn og til saman 335 millionar kroner.

Total kostnad for å få fire måneders lager av matkorn opp å stå er dermed på 685 millionar kroner, ifølgje Stuve.

– Lagring av matkorn må ha førsteprioritet. Det er eit samfunnsansvar å etablere det og det har aldri vore så nært som nå, seier Stuve.

Han viser til at dei kommersielle lagera er på rundt to måneders forbruk av matkorn. Med beredskapslager for ytterlegare fire måneders forbruk vil dermed lagera av matkorn aldri vere mindre enn det som trengst for seks måneders forbruk.

To milliardar for førkorn

Skulle ein også etablert beredskapslagring for fire måneders forbruk av førkorn, altså råvarer til kraftfôr for husdyr, så blir etableringskostnadene langt hø-

gare. Stuve la fram tal som viste kostnader på 1060 millionar kroner for utbygging av stålsilokapasitet og ein milliard kroner for innkjøp av den mengda førkorn som trengst.

Samla kostnad for lagring av førkorn blir med det 2060 millionar kroner.

– Skal ein òg ta med beredskapslagring av fire måneders forbruk av førkorn, så blir totalkostnaden på 2,7 milliardar kroner, seier Stuve.

Han viser til at det er ein liten sum målt mot kostnadene knytt til å reetablere den same beredskapskapasiteten ein hadde i betongsiloar i perioden frå 1975 til 1995. Den gongen var det eitt års forbruk av matkorn, 475.000 tonn, og 1,4 millionar tonn korn til kraftfôr målt per 1. januar som var gjeldande politikk. Med andre ord lagring av 1,9 millionar tonn korn totalt.

– Skulle vi reetablert det laget vi hadde i den perioden så ville det kosta 8,2 milliardar kroner, seier Stuve.

Han viste til at Russland innførte eksportrestriksjonar sist det blei knapt med korn.

– Og kva trur de Trump ville gjort? Dette har både vi og våre politikarar eit ansvar for å forhalde oss til, sa Stuve.

Maks 60 millionar i året

Stuve fortel til Nationen at kornlagringskapasitet på 170.000 tonn er tatt ut av drift frå 1995 til i dag. Derfor er det ikkje lagringskapasitet nok, sjølv om det tidlegare beredskapslageret Stavanger Havnesilo framleis er i full drift.

Fakta

Beredskapslagring av korn

- I 1928 fekk Statens Kornforretning ansvar for beredskapslagring av korn for eitt års forbruk.

- I 2003 blei ordninga avvikla og erstatta med ei lagerordning for 20 dagars mjølförbruk nord for Ofoten.

- Stortinget gjorde i fjor eit vedtak der dei ber regjeringa legge fram ei eiga sak «i løpet av 2019 om etablering av nasjonale beredskapslager av korn».

- Stavanger Havnesilo er landets einaste beredskapslager for korn. Kan ta 195.000 tonn, eller heile det norske importbehovet for matkorn for eitt år.

– Utan Stavanger Havnesilo hadde det vore krise i norsk kornhandtering i dag. Den har vore i full kommersiell drift dei siste tre fire åra, seier Stuve.

Stuve ser føre seg at oppbygging av stålsiloar på Austlandet kan frigjere kapasitet i Stavanger slik at halvparten av kapasiteten i hamnesiloen der kan nyttast som beredskapslager.

Felleskjøpet har vurdert ulike modellar for beredskapslagring og kome fram til at eit offentleg privat samarbeid truleg er mest kostnadseffektivt. Stuve anslår at dei totale driftskostnadene knytt til beredskapslagring vil vere på 30 til maks 40 øre per kilo. Med andre ord mellom 45 og 60 millionar kroner per år.

– Det inkluderer rentekostnader, administrasjon, rullering av korn, straum og bemanning, seier Stuve.

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no

Samfunnsansvar

«Lagring av matkorn må ha førsteprioritet. Det er eit samfunnsansvar å etablere det»

Lars Fredrik Stuve, adm. dir. i Norske Felleskjøp



Investeringsbehov: Bygging av silokapasitet og påfyll av korn vil koste 685 på kornkonferansen i Oslo torsdag.

– Eit lager er små kostnader

Medan Christian Anton Smedshaug i AgriAnalyse ser på eit kriselager for korn som ei forsikring for matforsyninga her i landet, sår Haakon Riekeles i Civita tvil om rike Norge har behov for ei slik forsikring.

På kornkonferansen var det debatt mellom Haakon Riekeles, samfunnsøkonom i den høgreliberale tankesmia Civita, og førsteamanuensis, forfattar og

landbruksanalytiker Christian Anton Smedshaug i AgriAnalyse.

Risikabel import?

Riekeles stilte spørsmål ved om import av korn er så risikabelt at ein treng å etablere eit beredskapslager.

Han viste til at prisen for etablering av lagera er frå nær 700 millionar kroner til opp mot «prisen av ein fregatt».

Smedshaug sa at sjølv om vi er



millionar kroner anslår Lars Fredrik Stuve, som la fram skissene til eit opplegg for beredskapslagring av korn
Foto: Siri Juell Rasmussen



Kornlagringsdebatt: Haakon Riekes (t.v.) frå den høgreliberale tenketanken Civita og Christian Anton Smedshaug frå AgriAnalyse debatterte beredskapslagring av korn.

Foto: Siri Juell Rasmussen



Lagerkapasitet: Utan Stavanger havnesilo, som blei berga frå riving etter langvarig debatt i 2014, ville det vore krise i norsk kornhandtering ifølgje Felleskjøp-direktør. Anlegget, som har kapasitet til å lagre 195.000 tonn korn, kan igjen bli nytta som beredskapslager.

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

der, men ei stor teneste for landet

eitt av verdas rikaste land, så går prisen på matvarer kraftig opp når det blir knapp tilgang. Han viste til at prisen på ris gjekk rett til himmels for ein del år tilbake.

– Når det skjer noko, så blir det verkeleg dyrt, og det skjer heilt plutsleg. Derfor må vi ha ein beredskap på førehand, seier Smedshaug.

Han viste til at kostnadene med å etablere kornlager er inngangskostnader.

Smedshaug seier driftskostnadene er dei einaste reelle kostnadene knytt til beredskapslagring, og at dei er relativt små.

– Det er små kostnader, men ei stor teneste og ei forsikring for landet, seier Smedshaug.

Lite beskyttelsesbehov

På spørsmål frå debattleiaren til Riekes om han synest Smedshaug svartmålar situasjonen, svara han slik:

– Vi har 8000 milliardar kro-

ner på bok. Det er ei ganske god forsikring. Tilpassingsevna i kornforbruket er også stor, ifølgje Nibio. Då er behovet for å beskytte seg lite, seier Riekes.

Smedshaug sa at utlegget til

Lite lagerbehov

«Vi har 8000 milliardar kroner på bok. Det er ei ganske god forsikring.»

Haakon Riekes, samfunnsøkonom i Civita

innkjøp av korn er ein kostnad vi skal ta uansett. Han seier spørsmålet er om ein skal ta kostnaden knytt til å bygge lager og kostnaden knytt til å rullere kornet. Ifølgje Smedshaug kan kostna-

den også bli mindre ved å etablere desentraliserte lager.

Smedshaug samanlikna kostnadene knytt til beredskapslagring av korn og kostnadene ein planlegg å ta knytt til fjordkryssing for E39 på Vestlandet. Fjordkryssingane er venta å koste fleire hundre milliardar kroner.

– Her snakkar vi berre om nokre 100 millionar kroner for å i allfall eit basislager, seier han.